

Knut Olav Aslaksen  
Van der Weldesveg 13  
5232 Paradis  
Mobil 99521562  
Epost: [Knut.Aslaksen@uib.no](mailto:Knut.Aslaksen@uib.no)

Bergen, 14. juni 2018

Statens vegvesen Region vest,  
Postboks 43, 6861 Leikanger  
Epost [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

### **Merknad til «Forslag til planprogram for fylkesveg 7 forbi Tokagjelet» (sak 17/52750)**

Syner til framlegget til planprogram for fylkesveg 7 forbi Tokagjelet, og oppmodar med dette om at påhoggalternativ B-2 blir trekt frå planprogrammet, grunna stort konfliktnivå med kultur- og naturmiljøet i landskapsrommet under Tokagjelet. Dette konfliktpotensiale er allereie godt dokumentert i forprosjektrapporten frå juni 2016.

Underteikna er eigar av husmannsplassen Eikjehaugen (Gnr. 19 bnr 714) som ligg på ein morene forma av isen ved enden av Tokagjelet, i synsranda frå den freda gamlevegen ved Snauehaugen. Eikjehaugen er et såkalla samanbygd anlegg frå 1796, men med bygningsdeler som kan tidfestast til 1760. Mange gode krefter har gjennom åra vore i sving for å ta vare på denne plassen, grunna dei historieforteljande bygningane som framleis ligg på sin opphavelige plass i det opne kulturlandskapet.

Fylkeskonservatoren i Hordaland har mellom anna vore sterkt engasjert i vern av Eikjehaugen, og både Hordaland fylkeskommunen og Kvam herad har ytt midlar til sikring av bygningane og det ytre restaureringsarbeidet. Under tittelen «Gamal husmannsplass treng nye pleieforeldre» søkte fylkeskonservatoren i 1987 etter privatpersonar som kunne ta ansvaret for den vidare restaureringa<sup>1</sup>. Private eigarar har i ettertid brukt tid og eigne midlar på å restaurera bygningane til tidsmessig bruk, samstundes som dei antikvarisk verdiane er tekne vel vare på.

---

<sup>1</sup> Husbukken» nr. 1 1987, organet til Fortidsminnesmerkeforeningen i Hordaland.

I brev (Jnr.982/87) til Fylkeslandbrukskontoret i Hordaland, i samband med frådelinga i 1987, skriv Fylkeskonservatoren mellom anna dette:

*«Eikehaugen er ein av dei siste attverande husmannsplassane i distriktet som står i nokolunde opphavleg stand. Vi ser det som svært viktig at ein for framtida maktar å ta vare på nokre få representative døme på denne delen av norsk landbrukskultur. Bygningen representerer eit godt og typisk døme på samanbygging av stovehus og løe bygning. Dette er ein byggeskikk som har vore svært typisk på småbruk og husmannsplassar i Kvam. Stova i det samanbygde anlegget har vore ei røykstove, truleg bygd på 1700-talet. Tømmeret kan ha vore flytt frå ein annan plass, noko ljoresperrene i taket tyder på. Husmannsplassen ligg i eit variert og intakt kulturlandskap som er godt synleg frå E68 (FV7). Opplevingsverdien kan difor delast av svært mange.»* I samband med frådelinga vart det inngått Vern og vedlikehaldsavtale mellom nye eigarar og Riksantikvaren.

Eikjehaugen ligg på ein morene som er del av den naturhistoriske formgjevningen av Tokagjelet, medan sjølve Steinsdalen ligg på gamal fjordbotn. Også av denne grunn vil det vera galt å leggja eit stort veganlegg med tunnelpåhogg over Eikjehaugen. Dette vil ødeleggja det samanhengande kultur- og naturmiljøet under gjelet og sambandet til den freda gamlevegen.

Dersom påhogget vert lagt nede i dalen eller i bakkane under Kletten, og noverande FV7 vert nytta til gang- og sykkelveg, vil Kvam og Hardanger kunna få ein ny turistattraksjon i form av ein «kultur- og naturhistorisk landskapsark» knytt til det sermerkte naturfenomenet Tokagjelet, husmannsplassen Eikjehaugen og til den freda gamlevegen gjennom gjelet.

<https://www.grind.no/hardanger/kvam/eikjehaugen>

Med venleg helsing



Knut Olav Aslaksen

Kopi: Hordaland fylkeskommune

Kvam herad

Fylkeskonservatoren i Hordaland